

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 18.10.05
Sakshandsamar: Hilde Rudlang
Saka gjeld: **Tertialrapportering på bestillardokumentet 2. tertial 2005**

Styresak 92/05 B

Styremøte 27.10. 2005

Bakgrunn

I følge bestillardokumentet for 2005 frå Helse- og omsorgsdepartementet skal Helse Vest RHF rapportere tertialvis på ei rekkje punkt. I styresak 29/05 blei det lagt fram ei oversikt som viste kva for område som Helse Vest skal rapportere på i 2005. Oversikta viste månadleg, tertialvis og årleg rapportering.

Vedlagt legg ein her fram tertialrapportering på bestillardokumentet for 2. tertial 2005, i samsvar med styresak 29/05.

Kommentarar

Helseføretaka har blitt bedne om å sende inn opplysningar på ei rekkje av punkta i tertialrapporteringa.

Tilbakemeldingane både i samband med 1. og 2. tertial har vore av litt ulik karakter, og ikkje alle har svart på alle punkta. Dette gir ei varierende detaljeringsgrad i rapporteringa. Det kan skuldast at det er noko uklårt kva som skal rapporterast på nokon punkt og om rapporteringa skal avgrensast til det som har skjedd i perioden.

Det må i samarbeid med departementet arbeidast for ei meir heilskapeleg rapportering framover.

Vi har valt å gjenta ein del av informasjonen frå 1. tertialrapporten, for å gje eit mest mogleg fullstendig bilete.

Forslag til vedtak

Styret oversender vedlagte tertialrapportering på bestillardokumentet for 2. tertial 2005 til Helse- og omsorgsdepartementet.